

# MEDLEMSMØTE 25. februar 2004

---

## **REFERAT**

### **Sak 1. Turprogram for sesongen**

Det var komt inn mange forslag til turar. Med unnatak for juli, blir det lagt opp til ca ein tur i månaden frå april til september. Det blir lagt opp til at turane skal vere lett tilgjengelege for mange. Ikke for vanskelege, men likevel flotte. Info om kva ferdighetsnivå som trengs til dei ulike turane, vil bli lagt ut på heimesida.

Turprogrammet er som følgjer:

- > April: Brufjorden og Solheimsfjorden med base på Stavøya
- > Mai: Tur til Hoddevika- Ervik-, Selje-, Refvik-området. Turmålet avhengig av veret
- > Mai: Runde på Sunnmøre
- > Juni: Leknes-Ospa
- > August (11.-15.): Padlesamling på Balandet
- > August (28.-29.): Førde - Florø
- > September: Nærøyfjorden

Dette er overnattingsturar som ein kan vere med på heilt eller delvis.

I tillegg leggast det opp til at det blir ein dagstur kvar helg, enten laurdag eller søndag.

Treningsa held fram som før: Oppmøte ved Naustet, torsdagar kl. 17.30

BASSENGTRENING søndag 7. mars og 29. mars kl. 18.45 til 21.00

### **Sak 2. Turleiing**

Klubben vil få på plass eit team av turleiarar. Desse skal ha ansvar for turen, ha eit overordna ansvar for tryggleiken ved å passe på å ha med sikkerheitsutstyret klubben skal få på plass, ha siste ordet om det blir aktuelt å lege om turen eller snu og liknande.

Turleiarane vil få litt opplæring og info omkring turleiing. Det vil og bli treningsøkter spesielt for turleiarane.

Alle som har grunnkurs + ca. eit års erfaring, kan vere turleiar. Ein kan velje turar som høver til det ferdighetsnivået ein føler ein har, så det er berre å melde seg. Dette blir ein viktig del av sikkerheita kring turane våre.

### **Sak 3. Heimesida vår : n3sport.no/padling/skk**

- Bjørn, Frank og Rune vil arbeide vidare med å gjøre sida funksjonell. Særleg er det viktig å få på plass eit kontaktfora med tanke på å kome i kontakt med andre som vil på tur. Der skal og vere lett tilgjengeleg info om turane, både for overnattingsturane og for dagsturane.
- Det er og ynskje om å få eit betre opplegg for å legge inn biletet frå trening og turar og elles å legge inn små og store nyhende og kjekt-å-lese-stoff

### **Sak 4. Naustet**

Naustet står no så godt som ferdig. Det står att litt innreiing. Når økonomien blir litt romslegare, blir det sikkert aktuelt å legge fast dekke inne, men førebels må det greie seg. Vi har fått nokre terasseflakar som vi vil bruke. Der vil og bli kjøleskap og komfy, så det byrjar bli bra.

Det er behov for ein dugnad på det som som må gjerast. Laurdag 13. mars er sett av til dette. Det er å håpe at mange stiller opp. Det som skal gjerast er:

- > lage ei ordning med hengaren (den er litt for lang for garasjen - tabbe)
- > sette opp resten av kajakkstativa på veggane
- > legge ut flakane og lage til den sosiale delen med bord og stolar, + kvitevarer
- > gjøre ferdig den elektriske installasjonen (lys og kontaktar)
- > få på to nye strøk me tjærebeis
- > sjå over og eventuelt reparere kajakkane og utstyret (vestar, årer, våtdrakter)

## **Ymse**

Ingen saker

Referent: Frank og Rune